

PRESSEMELDING:

Dato: 19. september 2013

Går saman om å løyse krisene

Front Safety på Aukra og TIBE PR samarbeider om krisehandtering

Menneskeliv og store verdier står på spel ved kriser i bedrifter, kommunar eller organisasjonar. Front Safety på Aukra og TIBE PR i Molde/Ålesund har inngått eit samarbeid, for å drive opplæring og trening innan krisehandtering. Samarbeidspartnarane blir med dette ein solid aktør på Vestlandet innan dette feltet.

- Eit stadig raskare mediebilde og bruk av sosiale medium, har gjort det vanskelegare å vere budd på kriser. Med samarbeidet med Front Safety har vi no etablert eit solid tilbod til verksemder i regionen, der dei kan trene på alle sider av ein krisesituasjon, seier teamleiar i Tibe PR, Odd Kristian Dahle.

Dahle vart på forsommaren henta frå NRK Dagsnytt for å leie Tibe PR si satsing på krisehandtering. Med seg i teamet har han medarbeidarar med solid bakgrunn frå riksdekkande media og kriseteam i næringsliv.

Front Safety på Aukra har sidan 1983 drive med opplæring og trening av sjøfolk og industrien innan tryggleik og beredskap. I tillegg til dette gir selskapet råd i forhold til planar og risikoanalysar. Selskapet har 3000 kvadratmeter med fasilitetar for både teoretisk og praktisk opplæring innan beredskap og praktiske kriseøvingar.

- Dette gjer at vi kan køyre svært realistiske øvingar, der deltakarane får prøve seg framfor TV-kamera, medan flammor og røyk fyller området, seier Dahle.

Og trening og koordinering er eit viktige stikkord for dei to selskapa.

- Vi har lenge sett at kundane våre etterspør trening på å handtere media, pårørande og eigne tilsette i krisesituasjonar. Når vi no har fått Tibe PR med på laget, kan vi tilby komplette løysingar for driftseigarar, kommunar og andre som treng å trene på krisehandtering, seier Kjell Atle Orø, dagleg leiar i Front Safety.

I tillegg til anlegget på Aukra vil dei to selskapa arbeide over heile landet.

- Enkelte kundar vil trene i eigne lokale for å drille beredskapen der. Då reiser vi ut og held kurs, som er tilpassa dei lokale forholda. Det viktige er at dei får trent regelmessig og dermed veit kva dei skal gjere, når det er alvor, seier Orø.

For meir informasjon – kontakt: